



Jan-Morten Eikemo commented on an article.

20. januar kl. 20.16 · 👤

Dette var den ordinære skulebussen. Bussen var ca 40 min. forsinka, etter at sjåføren måtte være med på bilberging på Vabø for at han skulle koma seg forbi.

Alle tre utforkjøringane med brødbil, brannbil og no buss, har til felles at alle har fått høgre framhjul utfor vegkanten etter utkjøringa som er der, følgt grøfta og havna godt utfor vegen i bunn av bakken. Alle utforkjøringane har skjedd etter den siste asfalteringa. Det er naturlig å halde høgre sida nedover bakken, og rett etter utkjøringa vert vegen smalare, og ein må svinge litt til venstre for ikkje å havna utfor kanten. Kanten er så høg, at det er ikkje råd å koma seg oppatt i vegen. Her burde det blitt satt opp eit skilt om smalare veg, samt markering der kanten begynner.

Når det er sagt, så har det vore vanleg at bussane har brukt kjettingar på vinterføre på desse vegane, men dei siste åra har me ikkje sett ein skulebuss med kjettingar. Det er med hjarta i halsen me sender borna våre med bussen når føret er slik.

Heile skauvegen vil eg definere som farleg, etter den siste asfalteringa. Det er lagt på et tjukt dekke på vegbana, men ikkje gjort noko med vegskuldra. Kan også nevne ferista som ikkje vert løfta opp i rett nivå etter slike jobber, og alle støpekanter på bruene som ikkje vert forhøya etter asfaltering. Her er det nokon som har forsømt ansvaret sitt.

Helsing far til ein av elevane som var med bussen som kvelva på Sletten!



Forventar svar frå vegvesenet

Lindås sin ordførar forventar tilbakemelding frå vegvesenet etter bussulukka på Myking. Nobina overlet til politiet å svara på om bussen burde køyrd med kjettingar.

WWW.STRILEN.NO